

Rapport barnehageprosjekt «Les, lær, låن og fortell» 2022 – 2023.



Framtidas bibliotekbrukarar går i barnehagen i dag. Prosjektet vårt «Les, lær, lån, fortell» har vore det mest meiningsfulle og vellukka prosjektet me har gjennomført dei fem åra eg har vore biblioteksjef ved Enebakk bibliotek. Det betyr ikkje at alt gjekk som planlagt. Bemanninga vår endra seg undervegs. Men kontakten med barnehagane som blei etablert har ført til noko stort. Me klarte målet vårt om ei dobling med spørsmål og kontakt frå barnehagane. Dei spør mykje oftare enn før om boktips og bokkassar. Og dei kjem oftare på besøk hit. Terskelen har blitt lågare slik me håpa den skulle bli.

1. Regnskap

Vedlagt eige ark.

2. Oversikt eigeninnsats:

Personale var frikjøpt til prosjektgjennomføring i perioden.

I tillegg nytta me:

- 6 dagsverk til planlegging og organisering av prosjektet.
- 1 dagsverk til deltaking på foreldremøte for føresette og barnehagertilsette.
- 4 dagsverk til deltaking på REKOMP , kompetansegivande samarbeid med barnehagen.
- Til saman 11 dagsverk. Viss ein tenkjer at eit dagsverk kostar 1300,- blir dette 14 300.- til saman,
- Me nytta 3000,- i transportutgifter ut til barnehagen.
- Me nytta rundt 10 000,- til kjøp av bøker til samlinga.

Til saman har eigeninnsatsen vår i prosjektet vore i underkant av 28 000,-

3. Prosjektgjennomføring:

Me starta opp prosjektet august 2022 med å planlegge målgruppe og innhold for første del. I denne delen var det gruppa med barn frå 4-5 år som fekk besøk av biblioteket. Me formidla *Gorm er en snill orm* av Camilla Kuhn. Alle barnehagane fekk same tilbodet. Me hadde med enkle konkretar for eksempel dette berbare apoteket som er avbildat og ormen Gorm.

Etter jul var det dei små barna som fekk besøk. Her var det vekt på formidling med konkretar. *Fingerreisen* av Anneli Tisell var hovudboka, medan bildeboka *Dinosiguren Brøle* som er skriven på rim også vart nytta. Begge desse bøkene og formidlingsmetodane med konkretar var med på å bygge ny formidlingskompetanse for bibliotekets tilsette i møte med små barn. Dette var eit av læringsmåla våre.

Til saman fekk alle barnehagane to besøk av oss. Eit for dei store barna og eit for dei små. Underveis kjøpte me inn mange titlar til målgruppa som blei ein del av bok-kassane som blei frakta ut til barnehagane.

Me hadde planlagt fleire besøk. Men på grunn av utskiftingar i personalgruppa vår var dette det me hadde kapasitet til.

4. Korleis nådde me måla våre?

- Responsen var overveldande. Barnebibliotekarane har besøkt 350 barn fordelt på om lag 40 større og mindre grupper.
- Me hadde eit mål om å doble spørsmål frå barnehagane. Det har me nesten nådd. Frå 24 spørsmål i eit normalår, til 44 i prosjektperioden.
- Biblioteket har blitt synleggjort gjennom å delta på foreldremøte med 100 føresette og personale frå barnehagane. Etter dette opplevde me at fleire oppsøkte biblioteket første gong. Biblioteket har også delteke på tre kompetansesamlingar i REKOMP-prosjektet som er eit samarbeid mellom barnehagane, pedagogisk administrasjon i kommunen og Oslo Met.
- Ny formidlingskompetanse for bibliotekets tilsette med bruk av konkretar i formidling.
- Rekruttering av nokre nye bibliotekbrukarar etter at biblioteket har vore meir synleg. Dette baserer me på tilbakemeldingar frå foreldre som har fortalt oss at dei hørte om biblioteket første gong på foreldremøte.
- Statistikken over boklån går over to år så her får eg ikkje presise tal no. Men tendensen ved vårt bibliotek er at utlån til barn og unge aukar litt. Og det er gledeleg.
- Biblioteket har blitt ein naturleg samarbeidspartner for tilsette i barnehagen.

Me er nøgde med å ha nådd dei fleste måla me sett for prosjektet vårt. Me merkar oss særleg at biblioteket har blitt meir synleg og ein samarbeidspartner som blir rekna med.

5. Vidareføring:

Ved å snakke høgt om vårt prosjekt så har biblioteket me blitt ein relevant og naturleg samarbeidspartner. Det å bli invitert med på samarbeidsprosjekt som REKOMP med språk i fokus er særskilt verdifullt. På denne måten blir biblioteket oppdaterte på kva barnehagen jobbar med og er oppteken av og me kan tilpasse og spisse våre tilbod og boksamling til barnehagens behov.

Biblioteket skal halde fram med å vere ein aktiv samarbeidspartner for barnehagane. Å reise ut til barnehagen har vore veldig positivt og noko me ønsker å gjere meir av framover. Me oppleverer også at barnehagar tar kontakt for å kome hit, noko som er veldig positivt. Biblioteket har blitt ein naturleg samarbeidspartner for barnehagane. Me har erfart at det ikkje er så mykje som skal til. Nyheitsbreva til barnehagen var eit viktig grunnlag som me sjølv sagt vidarefører. Ein månadleg e-post til barnehagestyrar og evt. andre pedagogisk tilsette minner barnehagen på at biblioteket finst og er relevant i kvardagen.

6. Døme til etterfølging:

I vår deltok Nylende barnehage med kunstverk basert på *Tidsmaskinen* av Kari Stai. Kunstverka vart sendt inn til ei utstilling, formidlinga var det Nynorsk kultursentrum som stod bak og boka er på nynorsk. Me er stolte av at barnehagen i vår bokmålskommune var uredd nok til å jobbe med denne boka. Eg erfarte sjølv at denne forskulegruppa hadde fått boka heilt under huden då eg las boka saman med dei og barna kunne den utanåt.

Enebakk 12.09.2023

Biblioteksjef

Oddmund Kårevik